



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	17/44	16.11.2017

Justerte krav frå kommunane til nye vilkår for Tokke/Vinje-konsesjonane

Vedlegg:

- 1 Justerte krav frå kommunane til nye vilkår for Tokke/Vinje-konsesjonane
- 2 Oversyn gjeldande krav til nye konsesjonsvilkår Tokke/Vinje-kraftanlegg
- 3 Ferskvannsbiologiske vurderingar Tokkeåi, Morten Kraabøl, Multiconsult

Saksutgreiing:

Denne saka tek for seg om kommunane skal endre/justere på dei krav til nye vilkår for Tokke/Vinje-konsesjonane som kommunane fremja i 2010, med justeringar i 2013. Revisjonsaka byrja heilt attende i 2004, og undervegs har det vore ei utvikling på fleire måtar:

- A. Vassforskrifta vart gjeldande som norsk rett frå 1.jan 2007, og som fylgje vart det laga forvaltningsplan for Tokke/Vinje vassdraget som er koordinert med revisjonsprosessen.
- B. Det har vore gjort fleire fiskeribiologiske og andre undersøkingar knytt til vassdraget, og då særleg slike som gjeld storaurestamma i Bandak/Tokkeåi. Det har også vore teke kjemiske og biologiske prøver i store delar av vassdraget i medhald av vassforskrifta – og dette har skaffa fram ny kunnskap om biologisk og kjemisk tilstand.
- C. Nasjonal politikk på området har utvikla seg i form av at det har kome ein rettleiar frå NVE/OED, nokre revisjonssaker er avgjort (m.a. Vinstra vassdraget og Årdals vassdraget i Rogaland), og det har kome nye stortingsmeldingar frå regjeringa som gjeld energi- og miljøpolitikk med særleg vekt på å redusere kommunane sine forventningar til kva endringar som er mogleg å oppnå samt avvise økonomiske krav.
- D. Kommunane og andre interessentar har også lært vassdraget betre å kjenne gjennom synfaringar og anna arbeid knytt til vassdraget. Ei vesentleg erkjenning som fylgje av dette er at minstevassføring i Tokkeåi bør sleppast frå fleire kjelder – og mest mogleg likt naturtilstand. Dette for å oppnå meir naturleg vassstemperatur i nedre del av Tokkeåi, som er viktig for vekst-omslaget til storauren.

- E. Med bakgrunn i dei vitenskaplege undersøkingar som er gjennomført er det allereie gjort fleire gode tiltak for å betre levekåra for storaure i nedre del av Tokkeåi og Bandakdeltaet.
- F. NVE har varsla at standard konsesjonsvilkår vil bli innført – mellom anna for naturforvaltning. Dette delar så og sei ansvaret for å pålegge miljøtiltak mellom NVE og Miljødirektoratet (Mdir). NVE/OED fastset minstevassføring og ev magasinrestriksjonar medan Mdir får heimel til å pålegge både ulike (fiske)biologiske tiltak og tiltak for fremje av friluftslivet. Men dette skjer nok ikkje utan at kommunane eller andre «pressar på»..
- G. Det er gjennomført ei synfaring av vassdraget 28/29.juni i år i regi av NVE, og her signalisera NVE at dei ikkje kom til å gå inn i detaljar i nye vilkår – jf pkt F ovanfor. Det vert no Mdir sitt ansvar i etterkant av at regjeringa har gjort vedtak i saka å ta stilling til kommunane sine krav om tiltak for fremje av fiske og anna friluftsliv.
- H. Det er også eit nytt kommunestyre sidan sist dette spørsmålet var til handsaming i 2013.

Denne utviklinga tilseier at ein bør ta opp kommunane sine krav og synsmåtar i vilkårsrevisjonen til ny vurdering.

Revisjonsdokumentet og dei mange andre innspel finn du på NVE si heimeside på denne lekkja:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak/?id=4740&type=V-1>

Felles kraftutval Tokke/Vinje har vore - og er framleis, styringsgruppe både for arbeidet med vassforvaltningsplanen og for vilkårsrevisjonen. Dette for å sikre god samkøyring og koordinering mellom desse prosessane. Kraftutvalet har hatt saka oppe til handsaming og forslag til justerte krav (vedlegg 1) er utarbeida etter gjennomgangen i kraftutvalet og innspel og dialog mellom kommunane og dei partar som har engasjert seg i saka.

I det nye justerte kravdokumentet (vedlegg 1) kan det sjå ut som kommunane reduserar sine krav monaleg samanlikna med dei krav som vart vedteke i 2010 og 2013, men bakgrunnen er altså at mange krav no må fremjast for Miljødirektoratet i etterkant av at Regjeringa har vedteke nye konsesjonsvilkår.

Eit samandrag av gjeldande krav gjeng fram av vedlegg 2.

Grovt sett vurderar sakshandsamar at dei nasjonale føringane på revisjonsområdet for tida (med sitjande regjering) er slik:

- NVE er restriktive med endringar som påverkar kraftproduksjonen, og tek berre stilling til krav som påverkar denne – t.d. innføring/endring av minstevassføring og magasinrestriksjonar. Her held NVE seg til dei nyaste stortingsmeldingane og den nasjonale gjennomgangen av vasskraftkonsesjonar, rapport 49/2013.
- Alle andre miljøkrav og krav om ferdselstiltak og anna som gjeld friluftsliv skal vurderast i etterkant av Mdir (Miljødirektoratet) når standardvilkår for naturforvaltning er innført.

- Økonomiske krav vert langt på veg avvisa med unntak av ein viss kompensasjon for utgifter til sakkunnig bistand som NVE tek stilling til når nye konsesjonsvilkår er fastsett.

Utviklinga som har vore og desse nye nasjonale føringane inneber at fylgjande krav i staden må fremjast for Mdir når standardvilkår er innført:

- A. Krav om biotoforbetrande tiltak i Bora.
- B. Krav om betring av gytevilkår for fisk i Våmarvatn.
- C. Krav om badeplass i Kåvsåi.
- D. Krav om tiltak mot attgroing i Tveitevatn og Grungevatn.
- E. Krav om betring av gytevilkår i Langeidvatn.
- F. Krav om biotopforbetrande tiltak i Tokkeåi inkludert fisketrapp i helvetesfossen (fisketrapp er likevel med i kravsettet då ein ser denne som særleg viktig).
- G. Krav om badeplassar i Tokkeåi mellom Åmot og Gøytil og i Berdalsåi.
- H. Krav om tur/sykkelveg på austsida av åi ved Edland.
- I. Krav om tur/sykkelløype på austsida av Vinjevatn.
- J. Krav om tur/sykkelveg frå akademiet til Rauland kyrkje.

Så er det også nokre krav som bør vurderast nærare eller på nytt då utviklinga til dels har endra føresetnadane for krava - med stutt grunngjeving:

- A. Veganlegg i Botndalen: Saka har vore oppe i Stortinget, fenge ein grundig handsaming i NVE samt i jordskifteretten og lagmannsretten. Likevel har NVE sagt at rettsapparatet berre har kompetanse til å avklare det privatrettslege mellom partane. Kommunane kan likevel krevje at veganlegget skal leggast på konsesjonæren som eit konsesjonsvilkår, og kommunane held difor fast på kravet.
- B. Fyllingskrav i Kjela – ei utfordring for konsesjonæren både å fylle Ståvatn og Kjela samtidig, men ein variant av mjukt fyllingskrav er meir realistisk. Eit mjukt fyllingskrav er teke med i vedlegg 1.
- C. Spylevatn i nedre del av Bora (frå Venemo) – vil truleg føre til meir attgroing i Tveitevatn, og er teke ut som krav i vedlegg 1.
- D. Krav om ei tappeordning i Byrtevatn for å gje meir naturleg vassstemperatur i Tokkeåi nedstraums Lio bør sløyfast. Statkraft har peika på at eit slikt anlegg truleg vil ta inn mest kaldt vatn frå utløpet av Byrte kraftstasjon og ikkje gje den verknad ein er ute etter.
I staden bør minstevassføring i Tokkeåi frå Åmot og i Frolandsåi/Dalaåi samt stenging av bekkeinntak prioriterast for å få meir naturleg vassstemperatur i nedre del av Tokkeåi. Krav om tappeordning i Byrtevatn er difor teke ut som krav i vedlegg 1.
- E. Krav om terskel i Sandtjønn (Bora/Vinje). Dette vart ikkje fremja under synfaringa, og er ikkje med som krav i vedlegg 1.

- F. Krav om opne tiltaksveggar på sørsida av Dalaåi, veg frå Hovdestad til Gøytil og vegen på vestsida av Vinjevatn må no fremjast for Mdir med grunngeving om tilrettelegging for friluftsliv.
Er ikkje med som krav i vedlegg 1.
- G. Rydding i reguleringssoner og ålaup - er del av internkontrollen og underlagt miljøtilsyn frå NVE, og er såleis allereie inne som vilkår i gjeldande konsesjon.
- H. Krav om badeplass ved Sandnes – er fullført.

Etter synfaringa i juni 2017 har Byrte grendelag sendt eit innspel (vedlegg 8), med ynskje om tidlegare fylling av Byrtevatn enn 1.juli – helst allereie 1.juni, og at vasstanden haldast høg til 1.sept. Sjølvpålagt restriksjon er at Byrtevatn haldast mellom HRV og ned 2 m fram til 15.aug. Det er teke omsyn til innspelet frå Byrte grendelag i kravdokumentet med eit mjukt fyllingskrav opp til 2 m under HRV innan 1.juni.

Hytteeigarar og grunneigarar på vestsida av Botnedalsvatnet har også sendt inn eit ynskje om eit båtutsett på sørsida av vatnet. Dette ynskjet er teke med i kravdokumentet.

I tillegg er kravet om terskel i Hovundløken teke opp att som eit subsidiært krav om ikkje det mjuke fyllingskravet (HRV minus 2 m i perioden 10.juli – 20.aug) vert innfridd.

Formannskapet handsama ei sak om justering av vilkårskrava den 25.okt og gjorde slikt vedtak:

Tokke kommune samarbeider med Vinje kommune med mål om å utarbeide eit felles framlegg til vedtak i både kommunestyra

I etterkant er det arbeid med saka i tråd med vedtaket i formannskapet, og eit nytt justert kravdokument fylgjer då som vedlegg 1.

Av vesentlege nye endringar i kravsettet kan nemnast:

- Mjukt fyllingskrav i Botndalsvatn til HRV -2 m i perioden 10.juli – 20.aug.
- Omløpsventil i Lio med tilnærma same slukeevne som kraftverket (14 m³/s).
- Minstevassføring målt ved Elvarheim på minimum 10 m³/s.

Restaurering av gyteområde i nedre del av Tokkeåi. Rådmannen si tilråding:

1. Tokke kommune godkjenner vedlegg 1 som gjeldande krav til nye vilkår for Tokke/Vinje-konsesjonane, og med dei eventuelle endringar som vert vedteke i dei respektive kommunestyra.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.11.2017

Tilleggsframlegg frå ordførar:

Tokke kommunestyre gjev kraftutvalet fullmakt til å ferdigstille det endelege dokumentet.

Rådmannen sin tilråding med tillegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

2. Tokke kommune godkjenner vedlegg 1 som gjeldande krav til nye vilkår for Tokke/Minje-konsesjonane, og med dei eventuelle endringar som vert vedteke i dei respektive kommunestyra.

Tokke kommunestyre gjev kraftutvalet fullmakt til å ferdigstille det endelege dokumentet.